



Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

Att.: rådmannen

Sletta 24.juni 2018

Avtale om bruk av turnoutstyr på Sæbø barneskule

Radøy Idrettslag (RIL) har ved fleire høve tatt opp spørsmålet om kompensasjon for skulen sin bruk av RIL sitt turnoutstyr på Sæbø barneskule. Både tidlegare rektor og tidlegare kommunalsjef var samde om at me måtte finna ei løysing på dette spørsmålet, men av ulike grunnar vart det ikkje tatt opp før begge slutta.

RIL ønskjer no å få løyst saka, og ber med dette om eit møte med kommunen for å drøfta korleis me kan gjera det på best mogeleg måte for begge partar.

RIL har heilt sidan skulen var ny – og før det i den gamle skulen – hatt turn- og idrettsskuleaktivitetar i skulen på Sæbø, og det me er takksame for det. Alt utstyr har imidlertid RIL halde sjølv, og ein god del av det og har vore nytta av skulen. Berre apparat som treng godkjent instruktør har ikkje vore disponibelt. Til innkjøp av slike apparat fekk RIL i 2011 kr. 35.000,- frå kommunen i tilskot.

Kompensasjon for bruk av anna utstyr har vore omtala mange gonger, men har ikkje funne si løysing.

RIL er kjent med at dei andre idrettslaga i kommunen som eig anlegg nær skulane har avtale om bruk, og me vil gjerne ha liknande ordning. Radøy Idrettsråd er samd i dette, og er samd i at RIL tar dette opp med kommunen direkte.

Når det gjeld kunstgrasbana er me usikker på i kva grad skulen nyttar ho, men vil gjerne drøfta det spørsmålet og.

Oversikt over utstyr og vårt syn på bruken av det vert å komma attende til i samband med eit møte om saka.

Vonar de kan finna tid til eit møte før ny sesong startar, - innan utgangen av august.

På førehand takk!

Olav Steinar Namtvædt (s)

styreleiar i RIL

